

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet

Solsida Barnehage

Onsdag 18.01.2023 kl.17:00-19:00

Solsida **Haugum** Barnehage



- [Plan for framtidig struktur av Barnehagar i Sunnfjord Kommune](#). Høyringsfrist 31. januar 2023.

Oppsummering av diskusjon:

- Foreldre ynskjer ikkje stor barnehage.
 - Tenker at barna får mindre stabilitet og opplever meir stress i stor bhg. Særleg barn med særskilde behov får eit dårlegare tilbod.
 - Finnest det forsking på det med om små kontra store barnehagar?
- Foreldra ynskjer ikkje fleire barn pr avdeling. Det vil føre til at barna må forholde seg til fleire barn og vaksne.
- Ser at det er økonomiske fordelar med stordrift. Ser og at det gjev eit større fagmiljø. Organisering vert viktig!
- Ein ekstra vaksen hadde gjort stor forskjell, og redusert behov for vikar.
- Tenker at barnsbeste er mindre barnehagar. 3 til 4 avdelingar er passe.
- Kva skjer med dei små barnehagane når ein har bygd opp?
- Vanskeleg å meine noko om 6 avdeling og bygge nytte.
- Vanskeleg å meine noko om nedlegging av barnehagar i grondane. Samde om at det ikkje er barn sitt beste å pendle langt kvar dag.

Foreldra forfatta innspel i lag. Birgitte startar.

- Ta med forsking. May Britt Druglid, barn og stress.
- Samfunnsplan til kommune, samsvara den med denne planen.
- Står det noko i Rammeplanen vi kan bruke?
- Barnehage i nærmiljøet gjer at barn vert trygg i nærmiljøet sitt. Kjenner området og dei som bur der.
- Veldig positive erfaringar frå barnehagedrift i korona tida, med små grupper barn, og faste vaksne på gruppa. Både barn og vaksne blomstra i den perioden. Ei erfaring vi bør ta med oss vidare.

- I år var ikkje småbarnsavdelingane fulle før etter nyttår, grunna barn som starta seinare. Personalet og foreldra syner til at dette har vore ei fantastisk tilvenningstid. Barna vert fort trygge, og personalet kjenner at dei får gitt kvart barn den merksemda dei treng før dei vert trygge.
 - Kan Solsida barnehage sin måte å drive på vere ein måte å drive stort men trygt på? Bygge barnehagen med ulike hus/tun med adskilt uteområdet, slik at barna ikkje opplever barnehagen som stor?
-
- Budsjett og innsparingskrav. Orientering. Utsett til neste møte.
-
- Godkjenne årsplan for Solsida barnehage.
 - Runde på innspel-
 - Framlegg til vedtak: Årsplan Solsida Barnehage 2023-2026 er vedteken.

Fleire av foreldra har ikkje hatt høve til å lese planen.
Elin sender ut planen, SU sender inn innspel og/ eller ok.

- Skal vi ha møte i februar? Saker som står att:
 - Finne kven som tek ansvar for fana i 17. mai toget (Haugum)
 - Evaluere avslutting for førskulegruppa
 - Ev innmeldte sakar.

Roy og Birgitte sjekkar om nokon av foreldra på Haugum kan ta på seg oppgåva å ta med fana til og frå 17.mai toget, samt organisere bæring av fana i toget.

Dersom det vert meldt inn saker til SU, kallar vi inn til nytt møte på våren.
Ved behov kan dugnadsansvarlege/sommarfest ansvarleg ha eit kjapt møtet på våren.

Takk for møtet 😊

Innspel til referatet må meldast innan ei veke frå 13.01.2023